



ÅMLI KOMMUNE
- BYGDA FOR ALLE



Vedtatt planprogram: Kulturminneplan for Åmli kommune 2016-2028

INNHALD:

1	Innleiing.....	3
1.1	<i>Formål.....</i>	3
1.2	<i>Bakgrunn for planarbeidet.....</i>	3
1.3	<i>Definisjonar og avgrensing</i>	3
1.4	<i>Nasjonale føringar.....</i>	5
1.5	<i>Regionale føringar</i>	5
1.6	<i>Lokale føringar.....</i>	6
1.7	<i>Status for registreringsarbeid i Åmli kommune i dag</i>	6
1.7.1	KJENDE GJENNOMFØRTE REGISTRERINGAR:.....	7
1.7.2	BEHOV FOR NY KUNNSKAP	7
2	Tema i planen	7
2.1	<i>Samferdsel.....</i>	7
2.1.1	GAMLE FERDSLSVEGAR OG KULTURMINNE LANGS VEGANE	7
2.1.2	KULTURMINNE KNYTT TIL JERNBANE	8
2.2	<i>Landbruk og ressursutnytting.....</i>	8
2.2.1	KULTURMINNE KNYTT TIL SKOGBRUK	8
2.2.2	KULTURMINNE KNYTT TIL JORDBRUK	9
2.2.3	KULTURMINNE KNYTT TIL JAKT OG FANGST	9
2.2.4	KULTURMINNE KNYTT TIL JERNVERK OG JERNUTVINNING	10
3	Krigsminne	10
3.1	<i>Kulturminne knytt til 2. verdskrig.....</i>	10
4	Planprosess	11
4.1	<i>Organisering</i>	11
4.1.1	GANGEN I PLANARBEIDET:	11
4.1.2	PROSJEKTGRUPPE:	11
4.2	<i>Medverknad.....</i>	11
4.3	<i>Framdriftsplan.....</i>	12
4.4	<i>Budsjett.....</i>	12
5	Verdisetting og verdivekting.....	12
6	Handlingsdelen og oppfølging	13

1 Innleiing

Kulturminne er spor etter menneske til ulike tider. Dei gir kunnskap om fortida og dannar grunnlag for identitet og tilhørse. Kulturminne som er gått tapt kan ikkje erstattast, og det er difor viktig å ha kunnskap om sårbare kulturminne i kommunen. God kulturminneforvaltning er ein ressurs for næringsutvikling og reiseliv, og gir attraktive stader å bu og reise til. Å ta vare på kulturminne er ei investering i framtida.

1.1 Formål

Formålet med ein kommunal kulturminneplan er å gi ein oversikt over utvalde kulturminne i kommunen og vere eit kunnskapsgrunnlag for framtidig kulturminneforvaltning. På overordna nivå ønskjer ein å styrke kulturminna sin verdi som kjelde til oppleving, kunnskap og identitet. Kulturminneplanen vil kunne gi eit grunnlag for å ivareta omsyn til kulturminne i kommunens planarbeid og saksbehandling og prioritere tiltak for å ta vare på sårbare kulturminne. Kulturminneplanen vil også vere ein ressurs for formidling av kommunen sin kulturarv til innbyggjarar og tilreisande.

For at planen skal fungere etter formålet, er det viktig med ein god planprosess der alle partar blir involverte, samt oppfølging gjennom ein konkret handlingsplan. Dette er ein temaplan, og dermed ikkje juridisk bindande. Tema og tiltak i handlingsplanen må difor følgjast opp vidare gjennom kommunens øvrige planverk og saksbehandling.

1.2 Bakgrunn for planarbeidet

Riksantikvaren gjennomfører i perioden 2015-2017 eit kunnskapsløft innan kulturminneforvaltninga, og har invitert fylkeskommunane til å starte opp arbeid med kommunale kulturminneplanar i samarbeid med kommunane.

Åmli kommune har fått 100 000 kr frå Riksantikvaren til dette arbeidet. Aust-Agder Fylkeskommune har ansvar for fagleg oppfølging, og har i tillegg løyvd 25 000 kr til arbeidet i kommunen. Vilkår for bruk av midlane er at:

- Kommunen har ein prosjektplan fram til vedtatt plan.
- Det er politisk vedtak om utarbeiding av kulturminne-/kommunedelplan.
- Verneverdige kulturminne blir lagt inn i Askeladden.
- Kommunen rapporterer til fylkeskommunen.

Riksantikvaren føreset at planen blir utforma som ein kommunedelplan, og er del av den kommunale planstrategien.

I samsvar med Plan- og bygningslova skal det ved varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal gjere greie for formål med planarbeidet, planprosess med fristar og deltakarar, opplegg for medverking og ulike vurderingar innanfor område som treng nærare utgreiing. Planprogrammet skal også seie noko om eksisterande utfordringar, problemstillingar og plantema.

1.3 Definisjonar og avgrensing

I kulturminnelova er *kulturminne* definert som spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar som det knyter seg historiske hendingar, tru og tradisjon til. Det er denne definisjonen som blir lagt til grunn for den statlege forvaltninga av *materielle kulturminne*. Definisjonen omfattar også *kulturmiljø*, større område som er forma gjennom menneskeleg aktivitet.

- *Automatisk freda kulturminne* er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak.
- *Faste kulturminne* er kulturminne som er jord- eller stadfaste. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller undervatn.
- *Lause kulturminne* er kulturminne som kan flyttast.
- *Immateriell kulturarv* er munnlege tradisjonar og uttrykk, utøvande kunst, sosiale skikkar, ritual og høgtidsfestar, kunnskap og praksis om naturen og universet, samt kunnskap om tradisjonelt handverk.

Denne planen omfattar materielle, i hovudsak faste kulturminne innanfor tema **samferdsel** (ferdselsvegane og jernbane), **landbruk og ressursutnytting** (skogbruk, jordbruk, jakt og fangst og jernverk/jernutvinning) og **krigsminne**. Dette er viktige tema i Åmli si historie, og fortel mykje om utviklinga i kommunen.

Ferdselsvegane er eit viktig utgangspunkt for kulturminne, kulturspreiing og kulturforståing. Langs desse vegane kan vi følgje kontakten mellom Åmli og andre distrikt, både administrasjonsruter og handelsruter, by- og bygdevegane. Mange av dei gamle ferdelsvegane gjekk på tvers av dalføra og skapte andre kontaktruter og knutepunkt enn i dag. Åmli har mykje felles kultur og tradisjon med Setesdal og Vest-Telemark på grunn av kontakten langs desse vegane. Langs vegane finn ein fleire kulturminne som likkviler, brurele, varp, skysstasjonar m.m. Dette er i likheit med sjølve vegane sårbare kulturminne som krev kunnskap og vern for at dei ikkje skal gå tapt. Kunnskapen om dei gamle vegane er i ferd med å forsvinne, og mange av vegane gror igjen. Gjennom å hente inn og kartfeste denne kunnskapen, kan ein ta vare på ferdelsvegane som kulturminne. Vegane kan også merkast opp på nytt og takast i bruk til for eksempel friluftsliv, kulturformidling og reiseliv.

Treungenbanen blei ført fram frå Arendal til kyrkjebygda i Åmli i 1910, og var i drift til 1967. Banen førte til nye og raskare kommunikasjonslinjer, og sette spor etter seg både i næringsliv og byggeskikk. Fleire stasjonsbygningar, bruer, vasstårn og andre kulturminne knytt til jernbanen står framleis, men ein manglar ei samla oversikt og registrering av desse. Mindre påakta kulturminne knytt til jernbanen som sviller, gjerder, ventebuer, inskripsjonar m.m. står i fare for å forsvinne. Gjennom reiselivssatsinga Telemarksvegen er det planlagt å lage ein turveg mellom Åmli og Treungen langs det gamle jernbanesporet der ein vil legge vekt på formidling av historie og kulturminne knytt til jernbanen.

Skogbruk, jordbruk og jakt/fangst har vore og er viktige næringar i Åmli. Åmli er den største skogkommunen på Agder, og skogen har vore hovudgrunnlaget for busetnad og vekst i kommunen. Ein finn framleis mange kulturminne knytt til skogbruk i Åmli, frå fløytingsmurar og sager til drivarstoger. Jordbruk har også vore ein viktig del av næringsgrunnlaget, ofte i kombinasjon med skogbruk, og fram til nyare tid har ein store del av ressursane vore henta i utmarka. I dag er mange utmarksslåttar og beite i ferd med å gro igjen. Jakt og fangst har også stått sentralt i Åmli. Spor etter- og kunnskap om tidlegare tiders fangstkultur må takast vare på for at dei ikkje skal forsvinne. Dette er også viktige tema på Elvarheim museum, der ein treng eit bredt kunnskapsgrunnlag for å formidle denne historia.

Jern er også ein viktig ressurs som har vore utnytta i Åmli heilt tilbake til folkevandringstida. Spor etter dette finn ein mellom anna på Flatlandsmoen på Jørundland, som er det best bevarte gardsanlegget på Agder frå denne tida. Det finst også blestergroper, jernvinner og andre spor etter uttak av jern i Åmli. Desse fortel noko om vår tidlege historie, og er viktige å ta vare på for ettertida.

Krigsminne er eit satsingsområde frå Riksantikvaren, då fleire krigsminne i Noreg og kunnskapen om desse er i ferd med å gå tapt. I Åmli kommune har vi også fleire minne frå krigen, og det er ikkje tidlegare gjort nokon samla registrering av desse. Dette blir difor også ei prioritert oppgåve i planen.

Denne planen er ikkje uttømmende med omsyn til kulturhistoriske tema og kulturminne i Åmli kommune, men eit utval. Fleire andre viktige tema som for eksempel handverk og husflid, industri, bergverk og energiproduksjon, kulturminne knytt til skule, offentlig administrasjon, handel, fritid, religion, busetting m.m. er ikkje tatt med. Ved seinare revisjonar og rulleringar bør planen supplerast andre tema og kulturminne.



Åmlandsnåpen, Topp 20 turar. Foto: Annlaug Askland. Trogfjellstigen kultursti. Foto: Ukjend.

1.4 Nasjonale føringar

- **Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova):** Planlegging etter denne lova skal klarlegge gjeldande og framtidig arealutnytting i eit område, og skal sikre både bruk og vern av arealet. Denne lova er den viktigaste reiskapen for å ivareta mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø, og som planmyndigheit har kommunen ei sentral rolle i forvaltninga av kulturarven. Kommunen kan ved bruk av plan- og bygningslova sikre vern av kulturminne og kulturmiljø på både kommuneplannivå (§11-8) og reguleringsplannivå (§12-6).
- **Lov om kulturminner (kulturminnelova):** Denne lova har som formål å verne kulturminne og kulturmiljø med sin eigenart og variasjon som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.
- **Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova):** Denne lova har som formål å fastlegge offentlege styresmakters ansvar for å fremje og legge til rette for eit bredt spekter av kulturverksemd, herunder verne om, fremje innsikt i og vidareføre kulturarv (§2).
- **St. meld. Nr. 16 (2004-2005) "Leve med kulturminner":** Har fokus på å betre rammevilkår for kulturminne i privat eige, kulturminne som grunnlag for verdiskaping i næringsliv og utvikling i lokalsamfunn, samt kulturminne som kjelde til kunnskap og oppleving.
- **St. meld. Nr. 22 (2004-2005): Kultur og næring.** Legg vekt på berekraftig bruk av kulturminne i næringssamanheng og kulturarv som føresetnad for reiseliv. I 2007 lanserte regjeringa ein handlingsplan for kultur og næring med 25 nye tiltak for at kulturnæringane skal bidra til meir kreativitet og innovasjon.
- **St. meld. Nr. 26 (2006-2007) om "Regneringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand":**
 - Strategisk mål for bevaring og bruk av kulturminne: Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressurs, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal bevarast i eit langsiktig perspektiv.
 - Nasjonale resultatmål: Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø som følgje av fjerning, øydelegging eller forfall skal minimaliserast, og skal innan år 2020 ikkje overstige 0,5% årleg. Freda og fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vere sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå i 2020. Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige breidda i varig verna kulturminne og kulturmiljø skal vere freda innan 2020.


1.5 Regionale føringar

- **Et godt varp. Strategisk plan for kulturminner og kulturmiljøer i Aust-Agder 2010-2013**
- **Et godt varp. Strategisk plan for kulturminner og kulturmiljøer i Aust-Agder 2014-2017**

Hovudmål i planen er å utvikle kulturarven og by på opplevingar, kunnskap og historier knytt til kulturminne for å auke bevisstheit, engasjement og vilje til å ta vare på og bruke kulturminner i Aust-Agder. Kulturarven skal forvaltast på ein slik måte at han ikkje blir forringa, og han skal vere tilgjengeleg for alle. Planen har fire fokusområde:

- **Bevaring:** arbeide med bygningsvern, vern av uthamnene.
- **Kunnskap og formidling:** styrke arbeid med formidling og tilrettelegging. Oppdatere kulturminneregister og kart.
- **Forvaltning:** styrke samarbeidet med kommunane. Styrke lokal kompetanse om kulturminne.
- **Verdiskaping:** ta i bruk kulturarven, samarbeide om kulturvern.





Kulturminnedagen 2015, arrangert av Åmli kommune/Åmli historielag. Baking i restaurert utebakaromn på husmannsplassen Harnes under Kløvfiell. Eystein Greibrokk demonstrerer. Foto: Tonje Ramse Trædal

1.6 Lokale føringar

- **Kommuneplan 2007-2019:**
 - Hovudmål: Skape gode bumiljø i sentrum og ute i grendene basert på ei berekraftig utvikling med vekt på trygghet, trivsel og livskvalitet.
 - Delmål kultur: Åmli kommune ønskjer å framstå som ein kulturkommune med fokus både på historie og kulturarv og den kulturaktiviteten som skapast i dag.
 - Styringskart kultur: Ei god formidling og vern av Åmli kommune sin kulturarv.
- **Kommunedelplan for Åmli sentrum (2014)**
 - *R§1: Omsynssone kulturmiljø og kulturlandskap (H570):* Innanfor områda med omsynssone kulturmiljø og kulturlandskap skal kulturhistoriske element (automatisk freda kulturminne, bygningar, vegar, murar og særmerkt vegetasjon) og landskapsformer ivaretakast. Den middelalderske kyrkjetomta nær prestegarden er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan ha innverknad på kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova.
- *Stedsanalyse for Åmli sentrum. Asplan Viak 2002*
- *Områdetiltak Homdrom, 2004*
- *Skjøtselsplan for Ramse, 2006*
- *Viktige kulturlandskapsområde i Åmli, 2007*
- *Verneplan for Gjøvdal kyrkjegard, 2013*





Felt med kylla tre i verneområdet på Øvre Ramse. Foto: Ellen Svalheim

1.7 Status for registreringsarbeid i Åmli kommune i dag

1.7.1 KJENDE GJENNOMFØRTE REGISTRERINGAR:

- SEFRAK: Dei fleste norske bygningar før 1900 er registrert i Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminner. Desse bygningane har ikkje formelt vern, men registeret kan vere eit nyttig hjelpemiddel i byggesaksbehandling og kulturminneforvaltning.
- Askeladden: Den nasjonale databasen for kulturminne. Inneheld digitaliserte registreringar av alle kjende freda kulturminne i Noreg. Databasen er drifta av Riksantikvaren, men fylkeskommunen har ansvar for innhaldet. Databasen er ikkje fullstendig. Ein open publikumsversjon finst på kulturminnesok.no.
- Kulturminne langs vann og vassdrag i Aust-Agder. Prosjektrapport 2006.
- Agder historielag: registrering av gamle vegar i Aust- og Vest-Agder.
- Ulike lokale private og offentlege registreringar av skulehus, stadnamn, folkedrakter m.m



Bru og dam over Gjevdefossen 2013 og i eldre tid. Foto 2013: Jens Magne Føreland

1.7.2 BEHOV FOR NY KUNNSKAP

Det er først og fremst behov for å samle og få oversikt over det registreringsarbeidet som alt er gjort, sjå dette i ein samanheng og kartfeste dei kulturminna som alt er registrerte innanfor dei utvalde tema i planen.

Gjennom arbeidet med planen vil ein også avdekke kva for kulturminne og område det er behov for ytterlegare registrering av, og iverksette registrering av nokre av desse. Gamle ferdselsvegar og kulturminne langs desse er det temaet ein først ønskjer å prioritere i registreringsarbeid.

Planen vil fokusere på dei kulturminna som i dag har svakt formelt vern. Bygningar som alt er registrert i andre databasar og freda kulturminne vil difor ikkje ha hovudfokus i denne planen.

2 Tema i planen

Riksantikvaren har i *Veileder for kulturminneplanar i kommunene* (2013) skissert følgjande innhald:

- a. Beskriving av og kart over dei viktigaste kulturminna i kommunen.
- b. Forslag til forvaltning og skjøtsel av desse kulturminna.
- c. Plan for korleis omsyn til kulturminna skal integrerast i øvrig kommunal planlegging.
- d. Handlingsdel med prioriterte tiltak og verkemiddel for forvaltning av kulturminne og vidare innsamling av mangelfulle data.

Vi vil følgje denne framgangsmåten, og har valt å ta for oss om følgjande tema:

2.1 Samferdsel

2.1.1 GAMLE FERDSLSVEGAR OG KULTURMINNE LANGS VEGANE



Steinbru på den gamle Telemarksvegen ved Grasåsen, Østre Mosberg. Foto: Egil Fiane

Bilen har i løpet av dei siste hundre åra revolusjonerte det gamle ferdselsnett og endra kommunikasjonslinene. I eldre tider gikk ofte ferdsel på tvers av dalføra og over vatn. Dette prega kontakten mellom menneske, og det var omfattande kulturutveksling mellom bygdelag i Vest-Agder, Setesdal, Åmli og Fyresdal/Nissedal. Grender som i dag ligg avsides var tidlegare sentrum for kulturutveksling. Telemarksvegen blei bygd i 1847-53, og avløyste den gamle ridevegen gjennom Åmli. Behovet for skysskifte, overnatting, ferjing og seinare bru over elva, gjorde at m.a. Åmli sentrum vaks fram.

Mange eldre ferdselsvegar er i ferd med å gro igjen, og kunnskapen om desse står i fare for å gå tapt. Ei registrering vil ivareta kunnskap om kor vegane gikk og gi grunnlag for kartfesting og evt. ny merking av desse.

Med gamle ferdselsvegar meiner vi kløvvegar, ridevegar og eldre kjerrevegar. For eksempel allemannsvegar, prestevegar, bispevegar, futvegar, sommar- og vintervegar. Vi vil også ta for oss vegroder, bruer, murar og stabbesteinar, ferjestader og kulturminne langs ferdselsvegar som vardar, nullingar, varp, brurele og likkviler. Vi vil også i nokon grad ta med bygningar knytt til ferdsel, som for eksempel skysstasjonar.

2.1.2 KULTURMINNE KNYTT TIL JERNBANE




Flaten stasjon. Foto: Egil Fiane

Treungenbanen blei ført fram til kyrkjebygda i Åmli i 1910, og var i drift til 1967. Jernbanen sette mange spor etter seg, t.d. i byggeskikken, og delar av jernbanelina er bevart til Simonstad. Her er også det gamle vasstårnet restaurert. Andre kulturminne er ikkje like godt ivaretatt. Bilvegen frå Ubergsmoen til Rislandsfeta er del av Nasjonal Verneplan (Statens vegvesen, 2002) som kompensasjonsveg for jernbanen, typisk for perioden etter 1960.

Fleire stasjonsbygningar står framleis, og er registrert og delvis freda. Det er usikkert kor komplett dette er, og kva for tiltak som er sett i verk for å ta vare på desse. I denne planen ønskjer vi også å fokusere på mindre påakta kulturminne langs den gamle Åmli/Treungenbanen, slik som murar, tårn, gjerder, ventebuer, grunder, skilt, smedarbeid, inskripsjonar i fjell, bom til hestar m.m.

2.2 Landbruk og ressursutnytting

2.2.1 KULTURMINNE KNYTT TIL SKOGBRUK



Åmli dampsag og høvleri, som no er riven, ca. 1900. Tømmermåling ved Vikvatn på Tveit 1960. Foto: Åmli historielag.

Åmli kommune er den største skogkommunen på Agder, og skogen har vore hovudgrunnlaget for busetnad og vekst. I dansketida var skogen på kysten uthoggen, og eit aukande tømmerbehov ute i Europa skapte ein etterspurnad etter tømmer frå indre bygder. Trelasthandlarane på kysten skaffa seg kontroll over fløytinga i vassdraget, og det var sterke motsetnader mellom bønder i Åmli og byborgarar på kysten. Men skogsdrifta og fløyting gav også arbeid for bygdefolk.

Det finst mange faste kulturminne etter skogsdrift i Åmli. Nokre av desse er alt registrert, som t.d. kulturminne langs vatn og vassdrag, fløytingsdammar, sager osv. Det er usikkert kor komplett denne registreringa er. Det er behov for ytterlegare registreringar av fleire materielle kulturminne knytt til skogsdrift, som drivarstoger, koier, dampsager m.m.

2.2.2 KULTURMINNE KNYTT TIL JORDBRUK



Kylla ask på Eikeland, Imeland. Foto: Egil Fiane. Den siste stakksneisa på Kallingsheia. Foto: Jens Magne Føreland. Gjengroing av kulturlandskap. Foto: Ida Karlstrøm.

Utmarka var i tidlegare tider ein viktig del av ressursgrunnlaget i Åmli, ved sidan av eit magert innmarksjordbruk med dyrking av korn og poteter. Utmarka blei mellom anna brukt til sommararbeite for husdyr og hausting av gras og lauv til vinterfôr. Kulturminne som utlør, beitemarker, lauvingsfelt, stakksneiser, seterbuar og hellarar er minne etter dette. Mykje tidlegare jordbruks- og beitemark er i dag i ferd med å gro igjen.

Det finst også mange kulturminne knytt til jordbruk i innmark. I tillegg til sjølve bygningsmassen, som ikkje vil få hovudfokus her, finn ein for eksempel rydningsrøyser, steingjerder, fegardar, grøfter og andre spor i landskapet. Det er behov for oversikt over desse, då dei ofte ligg i pressområde for utbygging og drift.

2.2.3 KULTURMINNE KNYTT TIL JAKT OG FANGST

Jakt, fangst og fiske har vore ein viktig del av ressursgrunnlaget i Åmli. Jakt og fangst har lange tradisjonar, og både metodar og byttedyr har endra seg. Åmli har fostra kjende jegerar og fangstmenn som Aslak Harstveit og Olav Tverstøyl. Jakt står framleis sentralt i Åmli, men no meir som hobby. Det blir drive kalking og kultivering av enkelte vassdrag, etter omfattande fiskedød frå 1960-70-talet.

Det er usikkert kor mykje som er bevart av eldre fangstanlegg, jakthytter osv, og det er behov for ein oversikt over dette.



Omn til røyking av kjøt og fisk, innanfor Våkenbergsfjella på Kallingsheia (frå mellom år 1030 og 1210). Foto: Jens Magne Føreland
Elvarheim museum med Olav Tverstøl. Foto: Tonje Ramse Trædal

2.2.4 KULTURMINNE KNYTT TIL JERNVERK OG JERNUTVINNING

Store område av skogen i austre del av Åmli låg innanfor cirkumferensen (pliktig leveranseområde) til Båslund/Nes Jernverk. I vestbygda var det gardar som låg under Froland verk. Til jernverka blei det levert mykje kol, og fleire stader er det minne etter kolbrenning. På Simonstad er det t.d. store område som vitnar om storproduksjon av kol. Eit anna skogsprodukt Åmlifolk leverte for sal var tjære.

Før gruvedrifta tok til på 1500-talet, blei myrmalm nytta til utvinning av jern. Føresetnadene var ein kombinasjon av myrområde og skog, der trekol blei nytta i utvinningsprosessen. På gardsanlegget Flatlandsmoen under Jørundland i Gjøvda er det fleire kulturminne som vitnar om storproduksjon av jern.

Det er behov for registrering av kulturminne knytt til jernverk, kolbrenning, tjærebrenning og utvinning av myrmalm. Det er usikkert kor mykje av dette som alt er registrert.



Kolmile. Foto: Drangedal historielag

3 Krigsminne

3.1 Kulturminne knytt til 2. verdskrig



Tyskerhytta på Tveitheia, bygd i 1942 som flyobservasjonspost. Mitråjsestilling ved hytta. Foto: Arild Håkedal.

I 2015 var det 75 år sidan 2. verdskrig starta, og kulturminnemyndighetene har krigens kulturminne som eit satsingsområde. Mange av dei fysiske spora etter krigen er borte, som anlegg, bygningar og spor etter krigshandlingar. Difor har Klima- og miljødepartementet saman med Riksantikvaren invitert kommunane til å registrere, formidle og markere sine kulturminne knytt til 2. verdskrig, og la desse inngå i dei kommunale kulturminneplanane.

Krigsminne kan vere for eksempel okkupasjonsmakta sine militære anlegg, samferdselsanlegg, fangeleirar og administrasjonsstader. Det kan også vere åstader for sabotasje og motstandskamp. Mange av desse stadene treng forklaring og historier knytt til seg for å bli forstått i dag.

Det er usikkert kor mange krigsminne som er bevart i Åmli, og i kva grad desse er registrert.

4 Planprosess

4.1 Organisering

4.1.1 GANGEN I PLANARBEIDET:

- Innhenting og oppdatering av eksisterande og ny kunnskap om kulturminne i kommunen innanfor dei avgrensingane som er gjort i planen. I første omgang vil vi hente inn og samanstillе allereie eksisterande registreringar, og kartfeste desse. Vi vil også om nødvendig gjennomføre nye registreringar innanfor utvalde område i planen.
- Tolking og verdivekting av kulturminne ut frå sentrale og lokale kriterium og vurderingar. Dette blir gjort i samarbeid mellom Åmli kommune, lokalbefolkninga og Aust-Agder fylkeskommune.
- Prioritering av tiltak, verkemiddel og handlingsplan for vidare arbeid med bevaring, tilrettelegging og formidling av dei kulturminna som er omtalt i denne planen.

4.1.2 PROSJEKTGRUPPE:

For å registrere, beskrive, vurdere, tolke og aktivere kulturminne og kulturmiljø er ein avhengig av både plan- og kulturminnefagleg og lokalhistorisk kompetanse. Ein bør også sikre god forankring gjennom politisk representasjon. Arbeidsgruppa for denne planen er sett saman slik:

Tonje Ramse Trædal: prosjektleiar

Egil Fiane: fagansvarleg

Anne Tone Aanby: Leiar Åmli historielag og polititar i Åmli kommune

Kari Hagelia Olstad: Jordbruk- og næringsrådgjevar, Åmli kommune

Karstein Vaule: Avdelingsingeniør oppmåling, Åmli kommune

Arild Håkedal: Museumsnemnda/lokalhistorikar

Jens Magne Føreland: Museumsnemnda/lokalhistorikar

Tore Flottorp: Leiar for oppvekstavdelinga i Åmli kommune

Egil Fiane jobbar for tida som bygdebokforfattar, og blir tilsett i ei 12,5% prosjektstilling i to år frå 01.01.2016 som fagansvarleg for kulturminneplanen. Han vil ha ansvar for å samle opplysningar om registrerte kulturminne i Åmli innanfor dei utvalde tema, skaffe ein oversikt over kva som evt. gjenstår av registreringsarbeid og iverksette nye registreringar i samarbeid med frivillige.

Tonje Ramse Trædal jobbar som kulturrådgivar i Åmli kommune, og vil vere prosjektleiar og ansvarleg for saksbehandling og utarbeiding av sjølve planen. Det er sett av 5% av stillinga hennar i to år til dette arbeidet.

Planprogrammet blir endeleg vedtatt i Kommunestyret.

4.2 Medverknad

Det vil bli arrangert prosjektmøte, folkemøte og temamøte. Ein ønskjer å involvere lokale kompetansemiljø innan for eksempel skogbruk og jernbanehistorie, historielag og velforeiningar. Det kan også vere aktuelt å involvere skulen gjennom for eksempel den årlege lokalmiljøveka. Ein ønskjer å bruke media aktivt, og vil også nytte sosiale media for å kommunisere med publikum interaktivt.

Også i handlingsdelen av planen vil ein samarbeid med lokale krefter, gjennom for eksempel merking av kulturhistoriske stiar. Merking av "Topp 20 kulturturar" er eit tiltak i den langsikte handlingsdelen av *Plan for idrett og fysisk aktivitet i Åmli kommune 2015-2019*, i samarbeid med Åmli turistforum.

4.3 Framdriftsplan

Planarbeidet vil startar opp i januar 2016, og planen er berekna ferdigstilt og politisk vedtatt desember 2017. Planen vil ha ein planhorisont på 12 år, frå 2016 til 2028. Planen skal rullerast og kvart 4. år.

Februar 2016	Mars-April 2016	Mai-August 2016	September-Desember 2016	Januar-juni 2017	juli-august 2017	September-oktober 2017	Desember 2017
Vedtak om igangsetting							
Planprogram på høyring							
Innsamling av data/registreringar							
	Temamøte oppstart		Temamøte registreringar				
			Nye registreringar				
				Kartfesting			
				Tolking og verdisetting			
				Utforme planforslag			
						Høyring planforslag	
							Vedtatt plan

4.4 Budsjett

Budsjett for kulturminneplan i Åmli kommune:

Tiltak	Inntekter	Utgifter
Lønsutgifter til fagansvarleg i 12,5% stilling i 2 år		90 000
Registreringsarbeid		35 000
Møtegodtgjersle, lokale seminar m.m.		10 000
Prosjektleiing, 5 % stilling i 2 år		50 000
Åmli kommune, 5 % stilling	60 000	
Tilskot frå Aust-Agder Fylkeskommune	25 000	
Tilskot frå Riksantikvaren	100 000	
Sum	185 000	185 000

5 Verdisetting og verdivekting

Når registreringsarbeidet er avslutta vil ein gjere ei vurdering av dei ulike kulturminna sin verdi for vidare vern, tilrettelegging og formidling. I dette arbeidet skil ein mellom verdisetting og verdivekting, altså ei beskriving av kulturminne sin verdi og vekting eller prioritering av desse (jfr. Riksantikvarens veileder for kulturminneplan).

Verdien til eit kulturminne er ikkje objektiv, men noko vi tilskriv det ut frå ulike kriterium. Ein kan for eksempel vurdere:

- Kva for kunnskap kulturminnet kan gi oss, som kjelde til forståing av fortida gjennom opphav, bruk og tyding for menneskes liv før og nå.
- Kva for oppleving kulturminnet kan gi oss, for eksempel til forståing av oss sjølve og fellesskap.
- Kva vi kan bruke kulturminnet til, for eksempel gjennom fortsatt bruk, endra bruk eller som grunnlag for ny verdiskaping. Feilaktig eller manglande bruk kan ofte føre til redusert verdi av kulturminnet.

Når ein skal identifisere eit kulturminne, kan ein ta utgangspunkt i ulike eigenskapar eller kriterium, som

- Alder og kontinuitet
- Autentisitet og opprinnelegheit
- Mangfald og variasjon
- Samanheng og heilskap
- Dynamikk og endring
- Brot og kontrast
- Lesbarheit og tydelegheit
- Eignaheit
- Brukbarheit
- Sårbarheit og tålegrense
- Interaksjon natur-kultur

Desse eigenskapane kan vektast ulikt. For eksempel vil det vere eit viktig kriterium å bevare eit representativt utval av ulike kulturminne. Det kan også vere viktig å ta vare på sjeldne og unike kulturminne.

Verdivekting inneber ei prioritering av dei eigenskapane ved kulturminne ein vel å vektlegge, og dermed eit utval av dei kulturminna ein meiner det er viktigast å ta vare på og formidle. I denne prosessen er det viktig med fagkompetanse, men også lokal medverknad.

Riksantikvaren har foreslått følgjande kriterium for verdivekting av kulturminne:

- Kulturminnet representerer fasar med særleg betydning for historia.
- Kulturminnet er knytt til verksemdar med særleg betydning for historia.
- Kulturminnet er knytt til hendingar eller begivenheiter med særleg betydning for historia.
- Kulturminnet er knytt til personar med særleg betydning for historia.
- Kulturminner er av særleg betydning for ei eller fleire etniske grupper.
- Kulturminnet har særleg arkitektonisk verdi.
- Kulturminnet har særleg betydning som kjelde til historia der det finst få eller ingen skriftlege kjelder.
- Kulturminne har særleg betydning som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping.
- Kulturminnets alder og type utløyser juridiske verkemiddel på nasjonalt plan, sjå kulturminnelova.

Ein kommunedelplan for kulturminne bør vurdere kulturminnets verdi både i nasjonal, regional og lokal samanheng.

6 Handlingsdelen og oppfølging

Det er obligatorisk med ein handlingsdel i kommunedelplanar, jfr. plan og bygningslova 11-2,3. ledd. Handlingsdelen skal reviderast, og det er viktig at han blir gjort kjent, forstått og integrert i alle delar av kommunenes verksemd. Planen bør følgjast opp gjennom administrasjonens arbeid og politiske vedtak.

Tiltaka i handlingsdelen kan omfatte bevaring, forvaltning, formidling og bruk av kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Ansvar for iverksetting, kostnadsramma og tidspunkt for gjennomføring bør vere ein del av handlingsplanen.

Dei registreringane av kulturminne som er samla og gjennomført som ein del av planarbeidet, skal kartfestast og leggst inn i Askeladden. Desse registreringane bør også gjerast tilgjengelege gjennom kommunens turistinformasjon m.m.